

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 15.11.2017
Vår ref.: 2017/16584-2
Saksbehandlar: adelan
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Søknad om nye studieplasser til fagskuleutdanning i Hordaland

I brev motteke 27. oktober melder Kunnskapsdepartementet til fylkeskommunane at regjeringa i statsbudsjettet for 2018 vil sette av kr 31,6 mill. til 638 nye studieplassar for fagskuleutdanning.

For å kunne vurdere korleis dei nye studieplassane for 2018 skal fordelast ber Kunnskapsdepartementet fylkesutdanningssjefane om å melde tilbake kor mange nye studieplasser det einkilde fylke har behov for. Fylkeskommunane må godtgjere at dei nye studieplassane er innanfor utdanningar som arbeidsmarknaden har behov for, og kor det er eit realistisk søkjargrunnlag for auka opptak. Det må også vere fagleg kapasitet ved dei aktuelle fagskulane til å auke opptaket allereie frå hausten 2018. Departementet understrekar at institusjonen må bruke midlane til å opprette nye studieplassar, ikkje finansierte studieplassar som allereie er oppretta.

Departementet ønskjer særleg at fylkeskommunane vurderer auka opptak til helse- og teknologiutdanningar, men også andre områder kan verte prioritert. Departementet vil følgje opp at fylkeskommunane dimensjonerer det totale utdanningstilbodet i tråd med tildelte midlar til nye studieplassar, slik at nye studieplassar kommer i tillegg til dei allereie eksisterande.

Midlane til studieplassane er føreslått til toårige studia (60 fagskulepoeng), men kan også verte nytta til fagskuleutdanning av mindre omfang. Les presisering om dette i vedlagt brev frå Departementet.

Vidare har Departementet signalisert at den einkilde fylkeskommune skal gje tilskot til fagskular lokalisert i eige fylke. Korleis dette vert innretta er ikkje heilt avklart, men dette brevet vert difor sendt til fagskular som tidlegare har fått, eller søkt om, tilskot med studiestad i Hordaland.

Det er fylkeskommunen som skal søkje om nye studieplassar til fagskuleutdanning, ikkje den einkilde fagskule. Me ber difor om at fagskular som planlegg ein auke i opptaket i 2018 i høve til allereie eksisterande tilbod, å fyller ut vedlagte tabell (følgjer som vedlegg til departementet sitt brev). Utfylt tabell returnerast på e-post til adeline.landro@hfk.no innan fredag 24. november 2017. Me vil så sende ein samla søknad for Hordaland.

Departementet sitt brev følgjer som vedlegg.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Adeline Berntsen Landro
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Statsbudsjettet 2018 - søknad om flere studieplasser i fagskolene i 2018 -(1)